



Innkalling
av
Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 02.09.2020
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyingar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
060/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
061/20	Godkjenning av møteprotokoll
062/20	Prosess og rammer for moglegheitsstudie Nordhordland/Alver
063/20	Meldingar og orienteringar

26. august 2020

Stian Lavik
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/52618
Saksbehandlar:
Dato: 26.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
060/20	Utval for næringutvikling og drift	02.09.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/47539
Saksbehandlar:
Dato: 03.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
061/20	Utval for næringutvikling og drift	02.09.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saka:

08.07.2020 Protokoll - Ekstramøte i Utval for næringutvikling og drift - 1420847
07.7.2020



Møteprotokoll for Utval for næringsutvikling og drift

Møtedato: 07.07.2020
Møtestad: Kantina Nordhordlandshallen
Møtetid: 12:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Maya Riise	MDG	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Anders Ingar Solheim	FRP	Settmedlem
Yngve Walaker	FNB	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Olav Steinar Namtvedt	SP	Liv Hopland van der Kooij - SP
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Tormod Skurtveit - AP
Nina Stabell Øvreås	FRP	Anders ingar Solheim - FRP
Heine Fyllingsnes permisjon frå møtet kl. 13.50 (i sakene 057-059)	FNB	Yngve Valaker - FNB

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Hogne Haugsdal, rådgjevar næring og utvikling Tove Hagenes, rådgjevar Tor Hegle, møtesekretær Arthur Kleiveland

Møtet i utval for næringsutvikling og drift var eit ekstramøte, der utvalet handsama søknader om tilskot frå næringsfondet i Alver kommune. Før handsaming av dei ulike sakene gjorde utvalet ei generell drøfting av bruken og status for næringsfondet.

Sakliste

Saknr	Tittel
038/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/20	Godkjenning av møteprotokoll
040/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Alfa kommunikasjon AS - vidareutvikling av selskapet og skaping av nye arbeidsplassar
041/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Damas & Syriske delikatesser - Nye menyar, plakatar og reklame - ny pizzaovn
042/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Digibolt AS - Test av spenningsensor
043/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskole og Gjestehus - Leirskulegarden - delutbygging 1
044/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Falksen AS - Gjere Falksen betre kjent i marknaden
045/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Hagewick Bygg AS - Ny Sjanse
046/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Kulinarisk AS - ombygging av kjøkken/lokale
047/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – La Vita e Bella - bakstehus
048/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Museumssenteret i Hordaland - Med båt til kulturarven nord for Bergen - båtrote til 3 av musea i Hordaland
049/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Museumssenteret i Hordaland - Ullveka
050/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Nordhordland Utviklingsselskap IKS - Smak av Nordhordland - vidareføring
051/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Norske Elementfabrikker AS - Sintef-godkjente bygningselement og nye innovative samanstillingsmetodar
052/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Portable Energy Plant AS - Forprosjekt - Landbasert tang og tareproduksjon-Grønn 2020.
053/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Purinam AS - Utvikle utstyr for mekanisk destruering av bakteriar
054/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Synfaring AS - omstilling og tilpassing av drift
055/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – User Solutions AS - Internasjonalisering for produktet Boil in Box
056/20	Søknad om tilskot til næringsfondet – Molvik bigard - Den søte smak av Alver - "Geografisk" honning.

- 057/20 Søknad om tilskot til næringsfondet – Reklamehuset Produksjon as - Profesjonalisering av Reklamehuset
- 058/20 Søknad om tilskot til næringsfondet – Romarheim Entreprenør AS - utvikling av autonom styring av anleggsmaskiner
- 059/20 Søknad om tilskot til næringsfondet – Solholmen Vertshus AS - Merkevarerbygging av reiselivsdestinasjonen Solholmen Vertshus AS

038/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

ND- 038/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

039/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes protokoll frå møte 10. juni.

ND- 039/20 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

040/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Alfa kommunikasjon AS - vidareutvikling av selskapet og skaping av nye arbeidsplassar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Vidareutvikling av selskapet og skaping av nye arbeidsplassar» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 040/20 Vedtak:

Prosjektet «Vidareutvikling av selskapet og skaping av nye arbeidsplassar» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

041/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Damas & Syriske delikatesser - Nye menyar, plakatar og reklame - ny pizzaovn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Nye menyar, plakatar og reklame - ny pizzaovn», blir tildelt kr 20 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 041/20 Vedtak:

Prosjektet «Nye menyar, plakatar og reklame - ny pizzaovn» blir tildelt kr 20 000 frå Næringsfondet i 2020.

042/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Digibolt AS - Test av spenningssensor

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Test av spenningssensor» blir tildelt kr 70 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 042/20 Vedtak:

Prosjektet «Test av spenningsensor» blir tildelt kr 70 000 frå Næringsfondet i 2020.

043/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskole og Gjestehus - Leirskulegarden - delutbygging 1

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskole og Gjestehus mottar ikkje støtte frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 043/20 Vedtak:

Søknaden frå Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskole og Gjestehus mottar ikkje støtte frå næringsfondet i Alver kommune.

044/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Falksen AS - Gjere Falksen betre kjent i marknaden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Falksen AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 044/20 Vedtak:

Søknaden frå Falksen AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

045/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Hagewick Bygg AS - Ny Sjanse

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Ny Sjanse» - tilrettelegging av drift for tilsetting av utsette grupper, då spesielt tidlegare narkomane o.l. blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 045/20 Vedtak:

Prosjektet «Ny Sjanse» - tilrettelegging av drift for tilsetting av utsette grupper, då spesielt tidlegare narkomane o.l. blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

046/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Kulinarisk AS - ombygging av kjøkken/lokale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Kulinarisk AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 046/20 Vedtak:

Søknaden frå Kulinarisk AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

047/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – La Vita e Bella - bakstehus**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet «Bakstehus» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:**Behandling:**

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 047/20 Vedtak:

Prosjektet «Bakstehus» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

048/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Museumssenteret i Hordaland - Med båt til kulturarven nord for Bergen - båtrote til 3 av musea i Hordaland**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Søknaden frå Museumssenteret i Hordaland mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:**Behandling:**

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 048/20 Vedtak:

Søknaden frå Museumssenteret i Hordaland mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune

049/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Museumssenteret i Hordaland - Ullveka

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Museumssenteret i Hordaland mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 049/20 Vedtak:

Søknaden frå Museumssenteret i Hordaland mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

050/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Nordhordland Utviklingsselskap IKS - Smak av Nordhordland - vidareføring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS mottar ikkje støtte frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Maya Riise (MDG) er medlem i "Smak av Nordhordland" og ba utvalet ta stilling til om ho er inhabil i denne saka. Riise fråtrede møtet då utvalet drøfta spørsmålet om inhabilitet. Utvalet konkluderte med at Maya Riise ikkje er inhabil, og ho deltok dermed i den vidare handsaminga av saka.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 050/20 Vedtak:

Søknaden frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS mottar ikkje støtte frå næringsfondet i Alver kommune.

051/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Norske Elementfabrikker AS - Sintef-godkjente bygningselement og nye innovative samanstillingsmetodar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Sintef-godkjente bygningselementer og nye innovative samanstillingsmetoden» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Administrasjonen informerte om at det er feil tilskotssum i rådmannen si tilråding. Rett sum skal vera kr 100.000,-.

På bakgrunn av denne opplysninga gjorde utvalet samrøystes følgjande vedtak: Prosjektet «Sintef-godkjente bygningselementer og nye innovative samanstillingsmetoden» blir tildelt kr 100 000,- frå Næringsfondet i 2020.

ND- 051/20 Vedtak:

Prosjektet «Sintef-godkjente bygningselementer og nye innovative samanstillingsmetoden» blir tildelt kr 100 000, frå Næringsfondet i 2020.

052/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Portable Energy Plant AS - Forprosjekt - Landbasert tang og tareproduksjon-Grønn 2020.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Portable Energy Plant AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 052/20 Vedtak:

Søknaden frå Portable Energy Plant AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

053/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Purinam AS - Utvikle utstyr for mekanisk destruering av bakteriar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Purinam AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 053/20 Vedtak:

Søknaden frå Purinam AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune

054/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – Synfaring AS - omstilling og tilpassing av drift

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Omstilling og tilpassing av drift» blir tildelt kr 150 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 054/20 Vedtak:

Prosjektet «Omstilling og tilpasning av drift» blir tildelt kr 150 000 frå Næringsfondet i 2020.

055/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet – User Solutions AS - Internasjonalisering for produktet Boil in Box

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Internasjonalisering for produktet Boil in Box» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 055/20 Vedtak:

Prosjektet «Internasjonalisering for produktet Boil in Box» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

056/20: Søknad om tilskot til næringsfondet – Molvik bigard - Den søte smak av Alver - "Geografisk" honning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Den søte smak av Alver - "geografisk" honning blir tildelt kr 40 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 056/20 Vedtak:

Prosjektet «Den søte smak av Alver - "geografisk" honning blir tildelt kr 40 000 frå Næringsfondet i 2020.

057/20: Søknad om tilskot til næringsfondet – Reklamehuset Produksjon as - Profesjonalisering av Reklamehuset

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Reklamehuset Produksjon as mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 057/20 Vedtak:

Søknaden frå Reklamehuset Produksjon as mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune

058/20: Søknad om tilskot til næringsfondet – Romarheim Entreprenør AS - utvikling av autonom styring av anleggsmaskiner

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Utvikling av autonom styring av anleggsmaskinen» blir tildelt kr 100 000 frå Næringsfondet i 2020.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 058/20 Vedtak:

Prosjektet «Utvikling av autonom styring av anleggsmaskinen» blir tildelt kr 100 000 frå Næringsfondet i 2020.

**059/20: Søknad om tilskot til næringsfondet – Solholmen Vertshus AS -
Merkevarebygging av reiselivsdestinasjonen Solholmen Vertshus AS****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet «Merkevarebygging av reiselivsdestinasjonen Solholmen Vertshus AS» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020. Midlane fordelast med 25.000,- pr. år i to år.

Utval for næringutvikling og drift 07.07.2020:**Behandling:**

Rådmannen vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 059/20 Vedtak:

Prosjektet «Merkevarebygging av reiselivsdestinasjonen Solholmen Vertshus AS» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020. Midlane fordelast med 25.000,- pr. år i to år.

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/52567
Saksbehandlar:
Dato: 26.08.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
062/20	Utval for næringsutvikling og drift	02.09.2020
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Prosess og rammer for moglegheitsstudie Nordhordland/Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune set av ei økonomisk ramme på kr 750.000 til ein moglegheitsstudie/scenarioanalyse for Nordhordland/Alver. Moglegheitsstudien er ein delprosess av scenarioanalysen for Vestland, gjennomført av Vestland fylkeskommune.
- Moglegheitsstudien for Nordhordland/Alver skal vere eit samarbeid med næringslivet i regionen.
- Arbeidet blir finansiert i tråd med vedtak i sak 71/20, 1. tertialrapport 2020.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 2.september.

Saka skal til innstilling i formannskapet 3. september.

Endeleg vedtak i kommunestyret 17. september.

Bakgrunn

Med bakgrunn i koronasituasjonen og utfordringane i næringslivet blei det i april/mai 2020 fremja ei politisk sak om å gjennomføre ei scenarioanalyse/moglegheitsanalyse, som skal vere eit felles kunnskapsgrunnlag for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling framover. Moglegheitsstudien er lagt opp som eit samarbeidsprosjekt mellom Alver kommune, Vestland Fylkeskommune og lokalt næringsliv. Den politiske saka var til handsaming i utval for næringsutvikling og drift, formannskapet og kommunestyret.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak 14. mai (sak 38/20):

- *Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.*
- *Finansieringa på 750 000 kr skal dekkast frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, slik det er lagt fram i saka.*
- *Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.*
- *Notatet «Ta vare på våre unge i krisetid – jobb og fritid» blir lagt ved protokollen*

for vidare utgreiing/oppfølging, både administrativt og politisk. Notatet er meint som innspel til moglege tiltak. Kommunestyret ber om at både utval for næringsutvikling og drift og formannskapet vert halde løpande orientert vidare om tiltak og framdrift i denne saka, første gong i juni.

I tida etter vedtaket i kommunestyret har Alver kommune og Nordhordland næringslag (NONL) jobba vidare med Vestland fylkeskommune for å klargjere rammene for prosessen med moglegheitsstudien. Endeleg konklusjon frå Vestland fylkeskommune er at dei sjølv vil gjennomføre ein større moglegheitsstudie/scenarioanalyse for heile Vestland Fylke. Dette blir mellom anna eit sentralt kunnskapsgrunnlag i fylkeskommunen sitt strategiske planarbeid i tida framover. Men det blir også lagt opp til analyser for dei ulike regionane, eks. Nordhordland/Alver, som byggjer på hovudanalysen til fylkeskommunen. Fylkeskommunen har lyst arbeidet ut på anbod og dei regionsvise analysene blir ein opsjon som regionane kan løyse ut. Informasjon om valt konsulentmiljø og rammer for prosessen blir offentleggjort i månadsskiftet august/september. Planen er at Vestland fylkeskommune skal gjennomføre arbeidet med fylkesanalysen og aktuelle regionsvise analyser i løpet av haust/vinter 2020.

Vurdering

I vedtaket frå kommunestyret var det lagt opp til ein moglegheitsstudie for Nordhordland/Alver, der Alver kommune skulle bidra med kr 750.000 i eit spleiselag med lokalt næringsliv og Vestland fylkeskommune. Føresetnaden var at fylkeskommunen stilte med finansiering på kr 1,5 mill. Etersom Vestland fylkeskommune har tatt avgjerd om å gjennomføre ein eigen prosess, vil ikkje føresetnaden i vedtaket bli stetta. Alver kommune, regionen og lokalt næringsliv må derfor gjere ei ny vurdering på den vidare prosessen.

Fylkeskommunen legg opp til ei scenarioanalyse for heile Vestland fylke, i tillegg er det mogleg å bestille regionsvise analyser/studiar som blir gjennomført parallelt med hovudanalysen. Aktørar i regionane må bidra med finansiering til dei regionsvise studiane. Slik rådmannen ser det, er det viktig å få fram kunnskap om utfordringar og moglegheiter for kommune og region, spesielt sett i lys av koronasituasjonen. Ein moglegheitstudie vil til dømes vere eit viktig kunnskapsgrunnlag i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og strategisk næringsplan. Rådmannen rår derfor til at Alver kommune, i samarbeid med lokalt næringsliv, tar initiativ til å gjennomføre ein regionsanalyse for Nordhordland/Alver.

Tilbakemeldinga frå fylkeskommunen er at kostnaden med regionsvise analyser ikkje vil overstige den økonomiske ramma på kr 750.000 - som Alver har sett av i tidlegare vedtak. Rådmannen rår derfor til at ramma på inntil kr 750.000 bli ståande og at midlane blir henta frå disposisjonsfondet i tråd med kommunestyrevedtak 71/20, 1. tertialrapport 2020. Rådmannen tar høgde for at arbeidet med moglegheitsstudien blir eit spleiselag og samarbeid med lokalt næringsliv. Rådmannen vil forankre arbeidet både i utval for næringsutvikling og drift og formannskapet, og legg opp til å orientere utvala aktivt undervegs i prosessen.

Arkiv: FE-033
JournalpostID: <jplD> 20/51515
Saksbehandlar:
Dato: 21.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
063/20	Utval for næringsutvikling og drift	02.09.2020

Meldingar og orienteringar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Saksopplysningar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

- Reiseliv - Visit Bergen - orientering v/ Frode Fjeldstad
- Grøn konkurransekraft – orientering v/ dagleg leiar Børge Brundtland i IUV,
- Green Spot Mongstad/ status næringsliv – orientering v/dagleg leiar Baste Tveito i Nordhordland næringslag
- SMART spesialisering – orientering v/Høgskulen på Vestlandet
- Retningslinjer kommunalt næringsfond – drøfting/innspeil
- Statlege tilskotsmidlar retta mot utfordringar knytt til korona-pandemien – oppfølging
- Næringsjefsstillinga – orientering
- Temadag Mongstad – orientering
- Klagesak næringsfond – orientering
- Prosess medverknad kommuneplan/kommunedelplan
- Status arbeid i Knarvik